



Verdens beste kommune for naturglade mennesker!

Årsrapport 2020



www.rauma.kommune.no

Innhold

1. Kommunedirektøren sin kommentar	3
2. Visjon, mål og strategiar	4
"Verdens beste kommune for naturglade mennesker"	4
3. Politisk Verksemnd.....	5
4. Samfunn	7
5. Tenester	10
6. Organisasjon	12
7. Økonomi.....	17
Rekneskap drift 2020 – jamført målsetting	17
Skatt og rammeinntekter.....	18
Tenesteområda	20
Investeringar og avvik mot budsjett	25
Gjeld og kommentarar til den finansielle situasjonen	26
REKNESKAP MED ØKONOMISKE OVERSIKTER	29

1. Kommunedirektøren sin kommentar

Eit annleis år

2020 vart eit år helt ulikt noko anna. I mars stengte landet ned som følgje av kovid-pandemien. Dette sette sitt preg på den kommunale drifta. Men under heile perioden har vi levert tenester til Rauma kommune sine innbyggjarar, sjølv om dette delvis har skjedd på litt andre måtar enn det ein har vore vane med. Det er grunn til å rette ein stor takk til alle som på beste moglege måte har tilpassa seg den nye kvardagen. Både elevar, tilsette og innbyggjarar har blitt meir digitale i løpet av dette året, lærdom vi skal ta med oss når vi ein gong i løpet av 2021 er tilbake i normal drift.

Raumasamfunnet har greidd seg godt så langt i pandemien, og vi nyt godt av eit variert næringsliv. Reiselivsnæringa er på landsbasis hardt råka av pandemien, men mange av desse verksemndene i Rauma hadde ein svært god sommarsesong som følgje av at nordmenn reiste i eige land. Det kan sjå ut som sommaren 2021 også vil bli prega av det same. Rauma har vore åstad for fleire store produksjonar det siste året, til dømes Mission Impossible, Furia, 71 grader nord og Kompani Lauritzen. Dette set Rauma på kartet og gjev god marknadsføring for verksemder innanfor reiselivsnæringa.

I tillegg til at kommunale leiarar og tilsette har drifta dei kommunale tenestene under spesielle vilkår i koronaåret, har året også vore prega av omstilling som følgje av at kommunen har eit driftsnivå som langt overstig tilgjengelege midlar. Denne utfordringa vart forsterka av at kommunen miste over 5% av innbyggjarane sine som følgje av grensejusteringa, der bygdene Vågstranda og Hjelvik frå 01.01.2021 vart ein del av Vestnes kommune. Kommunestyret vedtok derfor i to omgangar – oktober og desember - ei rekke tiltak for å redusere kommunens sitt driftsnivå. Dette arbeidet er ikkje slutført og vil av den grunn halde fram i 2021.

Sjølv om det har vore spesielt store krav til omstilling i 2020 er det likevel slik at omstillingstakta i samfunnet generelt er stor, og dei kommunale tenestene må utvikle seg i takt med dette. Fleire offentlege utgreiingar har sett søkelyset på dei tunge trendane med folketalsnedgang og aldring. Dette stiller også Raumasamfunnet overfor nye utfordringar. Eg trur Rauma kommune skal vere godt rusta til å handtere dei endringane som kjem.

Åndalsnes 14.04.2021


Toril Hovdenak

Kommunedirektør

2. Visjon, mål og strategiar

"Verdens beste kommune for naturglade mennesker"

Visjonen er heile Raumasamfunnet sin visjon. Den har god forankring lokalt og er godt profilert. Den er inkluderande for alle som bur eller gjestar Rauma. Visjonen forpliktar oss i forhold til å ta vare på naturen og vere eit berekraftig samfunn. Følgjande verdiar er vedteke: **Samarbeidsvillig, Ekte og Raus.** Verdiane seier at vi SER kvarandre og er Samarbeidsvillige, Ekte og Rause. FN sine berekraftsmål skal vere styrande for kommunen sitt arbeid.


Hovudmål	Forklaring
200 innbyggjarar	<ul style="list-style-type: none">• Hovudindikator for eit samfunn si livskraft er utvikling av folketaket• Rauma har fødselsunderskot og negativ innanlands flytting. Utanlands innvandring var positiv siste året.• Ei utfordring er å auke talet på kvinner
200 arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none">• Målet er netto vekst i talet på arbeidsplassar. Dette legg eit grunnlag for vekst i folketaket. På sikt er talet på arbeidsplassar dimensjonerande for kor mange som vil bo i kommunen• Halvparten av veksten bør komme frå vekst i eige næringsliv – resten frå auka utpendling
200 bustadar	<ul style="list-style-type: none">• Godt og allsidig tilbod av bustader og bustadomter er viktig for vekst i folketaket• Kommunen skal ha byggeklare tomter i Måndalen, Åndalsnes, Isfjorden og Åfarnes til ei kvar tid• Kommunen vil samarbeide med private om bustadomter i andre bygdelag• Ei særleg kommunal oppgåve er å bidra til nok omsorgsbustader, utleigebustader, førsteheimsbustader og bustader for vanskelegstilte

Strategiar

- **Samferdsel og regionale ambisjonar:** Ein hovudstrategi for å bli del av ein større bu- og arbeidsmarknad
- **Tilflytting og attraktivitet:** Både for tilbakeflyttarar, norske tilflyttarar og utanlandske innvandrarar må Rauma være attraktivt, med gode jobb- og butilbod – venleg og imøtekommende
- **Næringsliv og arbeidsplassar:** Rauma har eit sterkt næringsliv, men med svak vekst. Omstilling, knoppskyting og nyetableringar blir viktig framover. Potensialet for sysselsetjing og verdiskaping i reiselivet er relativt stort.
- **Lokal samfunnsutvikling og lokaldemokrati:** Ei rekke tiltak er gjort for å gjøre Tindehovudstaden Åndalsnes til eit attraktivt senter for heile kommunen. Tilrettelegging for vekst og utvikling i heile kommunen er viktig for å nå kommunen sine mål.
- **Miljø og folkehelse:** Folkehelsearbeidet er grunnleggjande viktig for å bidra til at innbyggjarane kan ha et godt liv i Rauma. Berekraft skal vere gjennomgåande perspektiv.

3. Politisk Verksemd

Politisk organisasjon



Kommunestyret i Rauma har 27 representantar fordelt på desse gruppene:

- Sosialistisk Venstreparti – 7
- Høgre – 6
- Senterpartiet – 5
- Arbeiderpartiet – 5
- Kristeleg Folkeparti – 1
- MDG – 1
- Pensjonistpartiet - 1
- Uavhengig - 1

Ordførar vart Yvonne Wold (SV) og varaordførar Magnhild Vik (SP).

Møteverksemd

- I 2020 hadde kommunestyret i alt 7 møte, 2 gjennomført digitalt og resterande 5 var ordinære møte. Kommunestyret behandla 94 politiske saker og 33 spørsmål og interpellasjoner
- Kommunestyret er generalforsamling i Rauma Energi. I 2020 vart det gjennomført eit møte i generalforsamlinga
- Formannskapet hadde 7 møte - 1 gjennomført digitalt og resterande 6 var ordinære - i 2020, og behandla i alt 85 politiske saker og 2 spørsmål og interpellasjoner
- Arbeidsmiljøutvalet hadde 3 møte i 2020 og behandla 10 saker. Eit møte blei avlyst pga. koronapandemien
- Utval for plan og forvaltning hadde 7 møte i 2020 med 62 behandla saker
- Kontrollutvalet hadde 6 møte - 1 gjennomført digitalt - i 2020 og behandla 46 saker

Overføring av kommunestyret sine møte

Møte i kommunestyret er samstundes overført på kommunen og Åndalsnes Avis sine nettsider. Etter møte er optaka tilgjengeleg på kommunens nettstad.

	2020	2019
Visningar	4561	3 603
Unike visningar (unike IP-adresser)	1001	970

Saker

Dei største og viktigaste sakene som vart behandla av dei politiske organa i kommunen i 2020 var:

- Tilføring av eigenkapital i Teglverkveien Eiendom AS
- Anleggsplan for idrett og fysisk aktivitet 2020-2030
- Avtale om økonomisk oppgjør grensejustering mot Vestnes
- Forskrift om gebyr for gjennomføring av lovbestemt tilsyn med og feiring av fyringsanlegg,
- Overordna beredskapsplan for Rauma kommune
- Fastsetting av planprogram - Detaljregulering E136 Flatmark - Monge - Marstein
- Rauma kommunes planstrategi 2020-2023
- Val av takseringsmetode - omtaksring 2021
- Rammer og utfordringar inn mot budsjett 2021 - økonomiplan og handlingsprogram 2021-2024
- E136 Veblungsnes - Tilbakemelding til Statens vegvesen juni 2020
- Tiltak for å redusere mobbing i Rauma-skolen
- Tilstandsrapport 2019 for skulane i Rauma
- Avvikling av kommunal gatelysdrift
- Tomter i Måndalen
- Leiktun - friluftsbarnehage
- Demensplan
- Prosjekt Romsdalseggen - kommunal medvirkning
- Delegeringsreglement
- Avtale med private om realisering av skole i Måndalen
- Forskotering av spelemidlar og momskompensasjon friidrettsanlegg Holmemstranda Idrettslag

4. Samfunn

Samfunnsplanens handlingsprogram

Overordna mål for Raumasamfunnet vedtatt i Samfunnsplanen er omtala i starten av årsrapporten og er knytt til befolkningsvekst, næringsvekst, regionforstørring og boligvekst.

Befolkningsvekst 2020

Ved inngangen til 2021 er folketalet i Rauma slik:

	2019	2020	Endring	Mål 2030
Folketal	7468	7026	-442	7687

Folketalet i Rauma gjekk ned med 442 personar i 2020. Dette skuldast i hovudsak grensejusteringa mot Vestnes, der kretsane Hjelvik og Våge vart ein del av Vestnes kommune frå 01.01.2021.

Sett vekk frå grensejusteringa var endringa i folketal slik:

	2019	2020	Endring	Mål 2030
Folketal	7468	7436	-32	7687

Folketalet i Rauma, sett vekk frå grensejusteringa, gjekk ned med 32 personar i 2020. Det var fødd 67 personar i Rauma i 2020, mens det i same periode døydde 76. Dette gir et negativt fødselsoverskot på 9 personar siste år. Kommunen hadde ei netto innvandring på 4 personar i 2020, medan vi hadde ei netto innanlands utflytting på 27 personar. Noreg hadde i 2020 den lågaste auken i busette innvandrargar sidan 2002.

Bedriftsvekst 2020

	2019	2020	Endring	Mål 2030
Lokale arbeidsplassar	3433	3343	-90	3678

Statistikken viser ein reduksjon i talet på arbeidsplassar på 90 frå 2019 til 2020.

Talet på sysselsette i befolkninga var redusert med 74 personar frå 3739 til 3665 siste året.

Regionforstørring 2020

	2019	2020	Endring
Tal utpendlarar til resten av fylket	452	484	32

Talet på utpendlarar frå Rauma til nabokommunane har auka med 32 personar frå 2019 til 2020. Ut pendlinga til Molde er på 267 personar, medan pendlinga til Ålesund er på 36 personar. På grunn av endring i kommunestruktur er det vanskeleg å samanlikne desse kommunetala med talet for 2019. Ut pendlinga til Vestnes er 123 personar, ei auke på 18 frå året før.

Boligvekst 2020

	2019	2020	Endring	Mål 2030
Godkjente boeininger	8	5	-3	200

Talet på godkjente boeininger i 2020 var 5. Det vart i tillegg godkjent 14 hytter. Boligbygginga kan svinge mykje frå år til år. Ei takt på 5 nye boligar pr år vil vere for lavt til nå målet om 200 nye boligar i 2030. Det må byggjast i gjennomsnitt 17 nye boligar kvart år fram til 2030 for å nå målet om 200 nye boligar i perioden.

Kommune-NM

For å samanlikne samfunnsutviklinga i Rauma med utviklinga elles i landet, kan ein sjå til statistikkgrunnlaget som kvart år blir lagt fram av NHO, kalla Kommune-NM. Her er kommunane rangert innanfor fem ulike område.

Område	2019	2020	Endring
Næringsliv	86	53	+33
Arbeidsmarknad	129	135	-6
Demografi	209	164	+45
Kompetanse	176	148	+28
Kommunal økonomi	219	183	+36
Samla rangering	144	107	+37

Rauma plasserer seg no på ein 107. plass av alle landets kommunar. Dette er ein framgang på 37 plassar samanlikna med 2019. Det er framgang på alle indikatorane, unntatt arbeidsmarknad. Denne indikatoren baserer seg på opplysningar om sysselsetjing, sjukefråver, uføre og arbeidsledige.

Viktige hendingar i 2020

- Næringsprisen 2020 gjekk til Nordveggen AS
- Kulturprisen 2020 gjekk til Leo Skiri Østigard
- 19. mars får Rauma sine to første bekrefta korona-smitta
- Bygginga av Romsdalsgondolen startar i mars
- Pride blir arrangert i Rauma for første gong
- Siste skuledag for elevar ved Vågstrandaskule
- Eventurskogen blir offisielt åpna
- Onrail annonserer at dei vil starte opp godstrafikk på Raumabana
- ”Mission Impossible” med Tom Cruise i spissen set sitt preg på Rauma denne hausten
- Dag Otto Lauritzen blir årets Rauma Ambasadør, og TV2 spiller inn sesong 2 av den populære serien ”Kompani Lauritzen”.

5. Tenester

Mål

Vedtekne mål for kommunen sin tenesteproduksjon er:

Overordna mål	Rauma kommune skal yte tenester til sine brukarar i samsvar med brukarane sine behov og rettar	
Mål	Brukarane skal ha tilpassa tenester	System sikrar og måler god kvalitet

Tenestekvalitet krev eit internkontrollsysteem som måler avvik i høve til fastsette normer og prosessar. Ein viser til rapport frå internkontrollsysteemet i organisasjonskapitlet.

Det er oppretta brukarråd for kvart tenesteområde. Desse råda bidreg til å betre brukartilpassing og sikring av tenestekvalitet.

Som vedlegg til årsrapporten er det utarbeidd rapport frå kvart av kommunen sine seks tenesteområde. Her har tenesteområda rapportert på dei mål som vart sett i strategien for kvart av områda i samband med budsjett og økonomiplan 2019-2022.

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret viser Rauma sin relative plassering blant landets kommunar når det gjeld «kvalitet og omfang» av tenesteproduksjonen. Utviklinga frå 2019 til 2020 går fram av tabellen nedanfor:

	2019	2020	Endring
Grunnskole	196	160	+36
Pleie og omsorg	184	124	+60
Barnevern	149	218	-69
Barnehage	244	276	-32
Helse	274	247	+27
Sosial	174	15	+159
Kultur	215	188	+27
Økonomi	373	360	-13
Kostnadsnivå	48	259	-211
Miljø og ressursar	165	120	+45
Saksbehandling	233	239	-6
Vann, avløp og renovasjon	99	38	+61
Totalt	211	184	+27

(basert på Kostra og rekneskapstal i frå 2019)

58% av nøkkeltala viste framgang frå i fjor og vi plasserer oss på ein 184. plass justert for inntektsnivå. Vi hadde ein framgang på 27 plassar samanlikna med i fjor. På områda sosial og vatn/avløp/renovasjon er vi blant dei 100 beste kommunane i landet. Samstundes er økonomien det svakaste nøkkeltalet vårt på grunn av dårlig driftsmargin, eit tomt disposisjonsfond og høg renteeksponering. Rauma kommune har sine svakaste plasseringar innan økonomi (360. plass), helse (247. plass) og barnehage (276. plass). Sosial (+159), vatn/avløp/renovasjon (+61) samt pleie og omsorg (+60) var områda med størst framgang i 2020.

Organisering i tenesteområder

Kommunen sine tenesteområde er:

Barnehage

Skole

Helse og
omsorg

Helse og
velferd

Kultur

Utbygging

Formålet med tenesteorganisering er å få til tettare samarbeid, betre kompetansedeling og meir effektiv drift mellom tenester som er nærståande og rettar seg mot om lag same målgruppe av brukarar.


Viktige hendingar i 2020

- Koronapandemien traff oss i mars og har påverka drifta av tenestene våre
- Epidemiden har vore ei digital drakraft som har gjort at møter og kommunikasjon er meir digital
- Tilgjengelighetsprisen 2020 tildeles ÅIF ved Siv Haugland for arbeidet med "Stjernelaget"
- Rauma vart ein del av ny, interkommunal legevakt. Legevaktkonsultasjonar pr video er eit pilotprosjektet i samarbeidet
- Tilstandsrapporten for grunnskolen er lagt fram for kommunestyret
- Rauma inngår i nytt renovasjonssamabeid – RIR - frå 1. januar
- Bygginga av ny skole i Måndalen startar
- Bygginga av ny barnehage i Måndalen startar
- Leikun barnehage får profil som "Friluftsbarnehage"
- Vi har mottatt prosjektmidlar i 4 år til prosjektet "Vi ser og inkluderer". Eit samarbeid mellom Rauma videregående skole og kommunen
- Prosjektet om kunstgrasbane ved Isfjorden skole vart godkjent
- Det vart etablert ressursteam ved skolande med det formål å jobbe systematisk for å forebygge, avdekke og stoppe mobbing
- Vågstranda skule blir avvikla og elevane der går på skule i Vestnes frå hausten 2020
- Rauma boliger sine utleigeleiligheter i Teglverkvegen vert råka av brann
- Det er etablert eit tverrfagleg innsatsteam mot rus
- Rauma kulturskole kom med i Kulturskolerådet si rettleatingsordning
- Frivilligsentralen etablerte besøksordning i samarbeid med Rød Kors, kirka og Frelsesarmeen
- Opning av 7 bokkollektivplasser i Snarveien
- Tatt i bruk velferdsteknologi i heimetenesten

6. Organisasjon

Leiing

Overordna organisasjonskart



Kristian Skålhavn var helse- og omsorgssjef fram til 1. mars 2020. Margrete Grinaker Berle begynte i stillinga som helse- og omsorgssjef 18. juni 2020.

Mål og resultat

Overordna mål	Rauma kommune skal vere ein profesjonell og framtidsretta organisasjon å jobbe i			
Mål	God leiing	Kompetente medarbeidrarar	Lavt sjukefråvær	Heiltid
Korleis lykkast	Leiarutvikling og leiaroppfølging	Rekruttere, utvikle og mobilisere tilsette sin kompetanse mot oppgåvane	Auka innsats og fokus på årsakene til sjukefråværet	Organisere verksemndene basert på heile stillingar
Korleis måle	Faktor 5 – Meistringsorientert leiing	Faktor 4 – Bruk av kompetanse	Samla sjukefråvær Visma HRM - BI	Tilsette heiltid av totalt tal på tilsette
Resultat 2019	3,8	4,2	9,34%	44,5 %
Resultat 2020	3,6	4,1	8,40%	50,5%
Ambisjon 2022	4,0	4,3	7,0 %	52%

Medarbeidarundersøking

I 2016 gjennomførte Rauma kommune KS sin første medarbeidarundersøking 10 – Faktor. Undersøkinga byggjer på forsking om kva som er viktige innsatsfaktorar for å oppnå gode resultat i forhold til organisasjonen sine mål og kvalitet på tenestene. Same undersøking blei gjennomført på nytt i 2018 og i 2020. Samla sett viste tala for 2018 ei gjennomsnittleg betring av faktorane i Rauma i forhold til 2016. I undersøkinga i 2020 er vi hovudsakleg tilbake på det nivået vi var i 2016. Elles ligg vi i 2020 like under landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. Medarbeidarundersøkinga blir følgt opp på tenesteområda og i avdelingane med eigne handlingsplanar. Ny undersøking vil bli gjennomført i 2022.

Rekruttering

Vi har kompetente søkerar til dei fleste stillingar, men med noko variasjon mellom dei ulike tenesteområda. Rekruttering av mellom anna barnehagelærarar og sjukepleiarar kan vere krevjande. Leiastillingar er det generelt få søkerar til, men vi registererer no ein auke i tilfanget av søkerar til desse stillingane. Reduksjon i talet på deltidsstillingar blir gjort der det er mogleg og ønskeleg. Tilsette i midlertidige stillingar med rettar etter Arbeidsmiljølova får faste arbeidsavtaler når det er grunnlag for det.

Rauma kommune har gjennom mange år satsa på lærlingordninga som ein viktig del av vårt rekrutteringsarbeid. Ved årsskiftet var 12 lærlingar under aktiv opplæringskontrakt. Lærlingane blir følgt opp av Rauma og Vestnes opplæringskontor.

Likestilling og bemanning

Samanliknbare tal for dei fire åra er henta frå rapport i Visma BI:

	2017	2018	2019	2020
Årsverk totalt	562	591	587	558
Tilsette totalt	749	778	775	696
Tilsette, menn	166	172	178	135
Tilsette, kvinner	583	606	597	561
Tilsette, heiltid totalt	322	331	345	352
Tilsette, heiltid menn	82	82	87	85
Tilsette, heiltid kvinner	240	249	258	267
Tilsette, deltid totalt	427	447	430	344
Tilsette, deltid menn	84	90	91	50
Tilsette, deltid kvinner	343	357	339	294
Brann deltid m.m.	35	36	36	0
Brannbefal (deltid)	4	4	4	0
Leiarar	54	48	48	47
Leiarar, menn:	17	16	15	12
Leiarar, kvinner:	37	32	33	35

Talet på årsverk ved utgangen av 2020 har gått ned med 29 samanlikna med utgangen av 2019.

Talet på tilsette er i same periode redusert med 79 medarbeidrarar. Av dette utgjer overføring av brannvesenet til Nordmøre og Romsdal Brann og redning IKS frå 1. januar totalt 40 tilsette i små stillingsdelar. Det må og nemnast at skulen på Vågstranda blei overført til Vestnes 1. august 2020.

Talet på kvinner tilsett på heiltid har ein jamn auke dei fire siste åra, samstundes som tala for kvinner som arbeider deltid har gått ned. Det er ei målsetting å få fleire kvinner over i heiltid gjennom ein fleksibel personalpolitikk og med utviding av stillingar. Dei grep ein har gjennomført i Rauma kommune er først og fremst endra arbeidstidsordningar innan turnusyrka der ein m.a legg til rette for større stillingar.

Samla har talet på tilsette i heiltid i kommuneorganisasjonen auka frå 42,5% i 2018 til 44,5% i 2019 og til 50,5 % i 2020.

Vår satsing med å tilby og legge til rette for at tilsette med redusert arbeids- og funksjonsevne kan fortsette i arbeidslivet er ein sentral del av vårt arbeid for å fremje likestilling og integrering, og å motverke diskriminering.

På den andre sida blir det stadig vanskelegare å omplassere medarbeidrarar grunna dei auka kompetanse og kvalifikasjonskrava innan tenestene.

[Internkontroll \(IK\)](#)

Internkontroll er kommunen sitt verktøy etter kommunelova for å identifisere svakheiter og brot på lovkrav i tenestene. Det web-baserte IK systemet har same portalløysing som HMS systemet. Internkontrollen er under utvikling der ein også i 2020 har lagt vekt på opplæring og innlegging av prosedyrar og rutiner knytt til tenesteyting. Meldte avvik blir handtert og lukka av verksemdsleiar. Lukking av avvik kan mellom anna skje gjennom endring av prosedyrar, opplæring, informasjon eller andre kvalitetsfremjande tiltak.

Avvik IK	Meldte avvik	Ikkje starta	Starta	Fullført
2017	283	97	14	172
2018	300	46	15	239
2019	376	73	32	271
2020	394	156	20	218

[Helse- miljø og sikkerheit \(HMS\)](#)

Rauma kommune har eit web-basert system for handtering av helse- miljø- og sikkerheitsarbeid (HMS). I HMS-systemet sitt årshjul finn ein det systematiske arbeidet som skal gjennomførast i verksemdene for å imøtekomme krava i Arbeidsmiljølova.

Alle verksemder skal utarbeide tiltaksplan og gjennomføre vernerunde. I tillegg får alle verneombod og verksemder tilbod opp HMS opplæring. Kor ofte ei verksemd skal gjennomføre risikovurdering er ein del av ROS analysen.

HMS krav	Verneområde som har gjennomført krav 2020	Av samla tal på verneområde
Vernerunde	22	25
Utarbeida tiltaksplan/handlingsplan	22	25

Avvik HMS	Meldte avvik	Ikkje starta	Starta	Fullført
2017	78	28	5	45
2018	108	66	10	32
2019	93	24	9	60
2020	112	78	8	26

Bedriftshelseteneste

Rauma kommune hadde i 2020 avtale med Stamina Helse om levering av ein fast prisa grunnpakke HMS og ein pakke med tilleggstenester som er bestilt spesifikt. Bedriftshelsetenesta møter fast i Arbeidsmiljøutvalet.

Digitalisering

- Innføring av nytt sakssystem P360.
- Vi har gått frå analogt telefonisystem over til Telenor MBN (mobilt bedriftsnett).
- På grunn av pandemien er nye kommunikasjonsplattformer som Teams tatt i bruk.
- Utskifting frå analoge til digitale tryggheitsalarmer fullført i 2020
- Elektronisk medisineringsstøtte og digitalt tilsyn tatt i bruk i heimetenesta.
- Større investeringar i digitalt utstyr ved skolane og i barnehagane.
- Vi har fleire skoletrinn som har blitt heildigitale ved bruk av digitale skolebøker
- Skolane har fått støtte til digitalisering og innkjøp ved «Den digitale skolesekken» frå Utdanningsdirektoratet.
- Innføring av nytt fagsystem for barnehagesektoren.
- Innføring av Minside opnar opp for at innbyggerane mellom anna kan finne opplysningar om sin eigedom, melde inn feil, gjere avtalar med saksbehandlar, lege m.m.
- Rauma kommune har over ei tre års periode digitaliserer byggesaks- og landbruksarkivet. Dette gjev gevinstar både for innbyggjarar, næringsliv og kommune ved at all dokumentasjon er digital.

[Etiske retningslinjer](#)

Etikk er å halde seg redelig til eit verdigrunnlag, både sitt eige og det verdigrunnlaget som gjeld i organisasjonen. Som ein open organisasjon er kommunen sitt omdømme avhengig av innbyggjarane sin tillit. Tilliten blir svekka ved mistanke om til dømes korrupsjon, lovbrot, maktmisbruk eller liknande handlingar. For kommunen som verksemder er det derfor i tillegg til det som følgjer direkte av lover og reglar, vedtatt eigne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette. I tillegg er varslingsplakaten revidert i samsvar med endringar i Arbeidsmiljølova. Det er behandla ei varslingssak i 2020.

[Kompetanseutvikling](#)

Rauma kommune ønskjer å arbeide systematisk og strategisk med kompetanse for lettare å halde på, utvikle, rekruttere og nytte rett kompetanse. Tilsette med rett kompetanse er med på å sikre at kommunen leverer gode tenester. Med dette som bakteppe har verksemdene utarbeidd og vedtatt strategisk kompetanseplanar. Strategisk kompetansestyring inneber planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak for å sikre organisasjonen og den enkelte medarbeidar nødvendig kompetanse for å nå definerte mål.

Det vart brukt ca. 1,6 millionar kroner til opplæringstiltak i 2020. Dette er 400.000 kroner mindre enn i 2019. Årsaka skuldast m.a. mindre aktivitet grunna koronasituasjonen. Midlane kjem frå kommunale løvningar og frå øyremerka midlar innan helse og omsorg og oppvekst, samt midlar som vi har fått gjennom spesifisert søknad.

[Fråvær](#)

Visma HRM – intern statistikk sjukefråvær

Sjukefråværet i Visma HRM viser faktisk sjukefråvær og er ikkje ein bearbeida statistikk slik som den sentrale statistikken frå KS.

	Legemeldt fråvær	Eigemeldt fråvær	Samla fråvær
2016	8,55 %	1,23 %	9,78 %
2017	7,71 %	1,35 %	9,06 %
2018	6,97 %	0,63 %	7,61 %
2019	8,66 %	0,68 %	9,34 %
2020	7,62 %	0,78 %	8,40 %

Sjukefråvær og oppfølging av dette er tema i kvart møte i Arbeidsmiljøutvalet, i dei faste leiarmøte og i det månadlege møtet mellom rådmann og Hovudtillitsvalte/Hovudverneombod. Ein sentral faktor er oppfølging av sjukefråværsrutinane, men vi prøver også ut «spissa» tiltak innan enkelte avdelingar i regi av BHT, og vi gir individuelle tilbod til dei som melder inn behov. I all hovudsak er det dei langtids sjukemeldte som utgjer fråværet i statistikken.

7. Økonomi

Rekneskap drift 2020 – jamført målsetting

Rekneskapen viser eit underskot på 30,9 millionar kroner. Det er 4,4% av brutto driftsinntekter. I ny kommunelov er grensa satt til 3% for innmelding i ROBEK.

I tillegg kjem 8,36 millionar i underskot i 2019, som ikkje vart dekt inn i 2020.

Dei økonomiske oversiktene viser at brutto driftsresultat vart ytterlegare svekka frå 2019. Her går det fram at Rauma hadde 50 millionar meir i driftskostnader enn inntekter, mot 25 millionar i ubalanse i 2019.

Grunna endra rekneskapsprinsipp der internkostnader i hovudsak er fordelt direkte frå og med 2020, kan ikkje tala direkte samanliknast med tala for 2019 når det gjeld driftskostnader i hovudoversikta.

Netto driftsresultat vart negativt 44 millionar. Netto driftsresultat er driftsresultat etter finanskostnader, men før avsetning til eller bruk av disposisjonsfond eller bundne fond, eller overføring til investering. Dette nøkkeltalet viser det kommunen har til disposisjon til eigenfinansiering av investeringar og til avsetning frå årets drift. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi meiner at netto driftsresultat bør ligge på 1,75% av brutto driftsinntekter. Rauma bør da ha eit overskot på 12 millionar kroner.

Tenesteområda brukte 31 millionar meir enn budsjett. Sjå meir om avvika i eige kapittel.

Disposisjonsfondet vart brukt i 2020 og det er pr. 31.12.2020 ingen reserver igjen.

Overordna mål	Rauma skal ha en bærekraftig communal økonomi			
Mål	Rauma kommune skal gå med overskudd hvert år	Ha reserver til å tåle renteøkning og uforutsette hendelser	Netto finansutgifter skal være rimelige og forsvarlige	Driften skal være kostnads-effektiv
Korleis lykkas	Alle enheter må tilpasse driften til tildelt budsjett-ramme	Sette av til disposisjonsfond	Økte lånepoptak må finansieres med innsparinger i driften	Kostnader må synliggjøres og sammenlignes i alle tjenester
Korleis måle	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	Netto finanskostnader i prosent av brutto driftsinntekter	Produksjons-indeksen TBU
Status 2019	-1,5%	1,4% (9,5mill.)*	3,4%	106,1 (2018 tall)
Ambisjon 2024	Minimum 1,75 %	30 mill.kr.(4,7%)	Maksimum 5 %	Over 110
Resultatmål 2020	0,0 %	0,0% (avsetning)	4 %	111
Måloppnåelse	-4,4%	0	5%	103,7 (2019 tall)

Netto finanskostnader auka med 11,5 millionar frå 2019 til 2020 og utgjer no 5% av brutto driftsinntekter. Dette skuldast i hovudsak 8 millionar mindre i utbytte frå Rauma Energi, og 3,5 millionar meir i minimumsavdrag.

Den samla produksjonsindeksen vart også lågare i 2020.

Vi har dermed ikkje nådd dei økonomiske måla for 2020, og Rauma kommune har derfor vedtatt kraftige tiltak i budsjettet for 2021 for å rette opp dette.

Skatt og rammeinntekter

Eigedomsskatten vart 24,7 millionar kroner, som budsjettet. Dette er 6,3 millionar kroner mindre enn i 2019. Årsaka til reduksjonen var Stortinget sitt vedtak om maksimal sats på 5 promille og 30% reduksjon i skattegrunnlaget. Eigedomsskatten på bustad og fritidseigedomar vart dermed redusert frå 7 til 5 promille. Stortinget sine endringar ville gitt 9,5 millionar mindre inntekter om ikkje vi hadde redusert bunnfradraget med 100 000 og kontorjustert grunnlaget med 10%.

Eigedomsskattinntekt frå næringseigedomar var 14,4 millionar og hadde 7 promille, uendra i frå 2019. For 2021 blir eigedomsskatten redusert til 4 promille. Likevel vil inntektene auke til 29 millionar i 2021, grunna overgang til skatteetatens formuesgrunnlag for boligeigedom. I 2021 skal også dei resterande bustadene og fritidseigedomane takserast. Dette vil auke inntektene i 2022.

Skatt på formue og inntekt vart på 205,2 millionar med naturressursskatt. Dette er 2,8 millionar lågare enn justert budsjett. Det er 9,2 millionar (-4,3% mot -0,7% for kommunesektoren samla) lågare enn i 2019, og 7,8 millionar lågare enn opphaveleg budsjett. Nedgangen må sjåast i samanheng med reduserte inntekter som følgje av permitteringar og lågare aktivitet i økonomien generelt grunna koronapandemien.

Nasjonalt vart Skatteinngangen på 168,893 mrd. kr, noko som er 668 mill. kr lågare enn siste prognose for 2020, og 3,398 mrd. kr lågare enn det som vart lagt til grunn i vedtatt kommuneopplegg/statsbudsjett for 2020.

På grunn av at Rauma hadde sterkare fall i skatteinntektene enn mange andre kommunar, så auka inntektene frå den nasjonale skatteutjamninga til Rauma. Den vart på 17,3 millionar. Dette er likevel 3,4 millionar lågare enn budsjett. Samla svikt i skatt og skatteutjamning vart etter dette 6,2 millionar kroner lågare enn justert budsjett. I 2018 og 2019 hadde vi høgare skatteinntekter enn budsjett. For 2020 var det inga slik ekstra inntekt.

Rauma har rapportert om lag 11 -12 millionar i ekstra kostnader knytt til pandemien. I tillegg vart skatteinngangen 7 millionar lågare enn opphaveleg budsjett. Brutto tap vart då omlag 18-19 millionar kroner.

Rauma fekk 11 millionar i ekstra tilskot i samband med covid-19 over rammetilskotet i 2020 til å dekke ekstra kostnader. I tillegg fekk vi 5,6 millionar som øyremerka tilskot.

Statlege ekstra midlar i rammetilskotet i 2020 grunna covid-19 var:

Forklaring	Generell kompensasjon for utgifter	Sårbare barn	Inntektssvikt SFO	Inntektssvikt barnehage	Forskuttering basisfinansiering allmenlegetjenesten	Kompensasjon redusert inntekts- og formuesskatt	Nysaldoert smittekontroll	Fordeling skjønnmidler knyttet til Covid-19 i 2020	Sum ekstra bevilgninger
Departement	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	
Kapittel/post	571,60	571,60	571,60	571,60	571,60	571,60	571,60	571,64	
Sum landet	3 750 000	150 000	300 000	700 000	66 600	550 000	107 000	2 124 828	7 998 428
1539 Rauma	5 749	190	449	901	108	732	333	2 607	11 068

Øyremerka midlar, der nokre er overført til 2021 som bundne fond:

Forklaring	Digitale læreremidler	Sårbare barn og unge	Kommunale næringsfond	Vedlikeholds-tilskudd	Aktivitetstilbud langtids-boende ved sykehjem	Smitteverns- og oppfølgingsarbeid	Klimasats	Sum
Departement	KD	KD	KMD	KMD	HOD	HOD	KLD	
Kapittel/post	226,21	226,21	553,61	576,60	761,79	765,21	1420,61	
Sum landet	39 211	129 691	599 988	2 500 000	76 673	50 000	39 484	3 847 289
1539 Rauma	63	176	1 462	3 400	300	210	41	5 652

I tillegg til dette fekk vi tilbake 3,1 millionar kroner i arbeidsgjevaravgift. Lønnsoppgjernet vart også lågare enn budsjett, anslagsvis 3-4 millionar.

Inntektssystemet for Rauma i perioden 2018-2020 etter KS si oversikt :

1000 kr: KS prognosemodell	2 018	2 019	2 020
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	178 301	184 977	187 775
Utgiftsutjevningen	34 496	30 168	38 710
Overgangsordning - INGAR	-537	2 282	-403
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)	1 417	1 619	2 888
Sør-Norge tilskudd (kommuner med over 3 200 innb)	5 613	5 771	5 938
Ordinært skjønn	330	130	330
Ekstra skjønn KMD inkl. ufrivillig alene kommuner, infrastruktur, retaksering prod.utsyr mv, bortfall eiendomsskatt produksjonsutstyr	417	-	-
Koronapandemi - bevilgninger gjennom inntektssystemet (skjønn fylkesmannen, kommer i tillegg)			8 354
RNB - utsatt overføring skatteoppkrevning			686
RNB 2020 - øvrige endringer i rammetilskudd (utenom koronapandemi)			436
Stortinget saldering budsjett 2018 - 2021	183	-317	
RNB 2018 og 2019 og Nysaldering 2018	101	90	
Sum rammetilsk uten inntektsutj og ekstra skjønn fylkesmann	220 321	224 721	244 714
Netto inntektsutjevning	10 831	11 970	17 357
Sum rammetilskudd før ekstra skjønn fra fylkesmannen	231 152	236 691	262 071
Rammetilskudd - endring i %		2	11
Skatt på formue og inntekt	207 857	214 556	205 259
Skatteinntekter - endring i %		3,22	-4,33
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	25 621	30 952	24 652
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet) ekskl. ekstra skjønn fra fylkesmannen	464 630	482 199	491 982
EKSTRA SKJØNN TILDELT AV FILKESMANNEN (kommer i tillegg)			
<i>Covid 19 pandemi</i>			2 606,5
<i>Flomforebygging</i>			500,0
<i>Ufordelt skjønn fra Grønt hefte - fordeles i løpet av året</i>	<i>8 130</i>	<i>30</i>	<i>-</i>

Anna:

Utbyttet frå Rauma energi vart redusert frå 12 millionar i 2019 til 4 millionar i 2020. Det var historisk låge straumprisar i 2020. Av den grunn vart også inntektene frå sal av kommunen si konsesjonskraft

6 millionar lågare enn opphaveleg budsjett. Dei låge kraftprisane ga dermed ein svikt i inntekt på til saman 14 millionar kroner.

Vi fekk 3,5 millionar i inntekter frå havbruksfond i 2020. Dette var 2 millionar meir enn budsjett. Desse inntektene varierer med høgare utbetaling anna kvart år. I 2021 blir dei vesentleg lågare.

Etter pålegg frå revisjonen er variabellønskostander for desember 2020 ført dette rekneskapsåret. Dette betyr at ein i 2020 har ført 13 månader med variabel løn i rekneskapen for 2020. Dette inneber ein eingångskostnad på 5,3 millionar kroner i 2020.

Realitetsbehandling av tap på refusjon sjukepengar ga også ein eingångskostnad på 1,6 millionar kroner.

Tenesteområda

Tenesteområda hadde eit meirforbruk på 31 millionar kroner, eller 6,7% meir enn budsjett. Politisk styring og kontrollorgan med 17,2% og Helse- og omsorg med 10%, Helse og velferd med 17,5% og barnehage med 10,2% hadde dei største avvika samanlikna med budsjett.

Netto ramme er ikkje heilt samanliknbar med 2019 på grunn av uttrekk av internhusleige og avskrivningar. Alle tenesteområde fekk trekt ut avskrivingskostnader som vart lagt til eit felles område. Dette innebar at nettorammene vart reduserte med til saman 35 millionar i avskrivningar. Det meste av dette på Utbygging: 21 millionar, skule med 7,5 millionar og helse og omsorg med 2,2 millionar og sentraladministrasjon med 2,1 millionar. I tillegg vart internhusleige og andre internkostnader og inntekter tatt bort og ikkje lenger «dobbeltført» i brutto tala. Særleg internhusleige ga ei auke i kostnadsramma til Utbygging og ein tilsvarende reduksjon i rammene til alle andre tenesteområde slik:

TIL FORDELING	
POLITISK STYRING OG KONTROLLORGANER	
ADM. INKL. KRAFTSALG	
KIRKEN OG RELIGIØSE SAMFUNN	
KULTUR	4820
BARNEHAGE	2 464
SKOLE	10 493
HELSE OG OMSORG	6 586
HELSE OG VELFERD	1 107
UTBYGGING	-25 470
Sum fordelt til driftsrammer	0

Kommentar til avviket i dei ulike tenesteområda:

Bevilgningsrammer - drift						
	Regnskap 2020	Budsjett (end) 2020	Avvik(per.) 0		Budsjett 2020	Regnskap 2019
POLITISK STYRING OG KOMMUNAL DRIFT	4 933 071	4 210 200	722 871	17,2 %	4 210 200	4 906 911
SENTRAL ADMINISTRASJON	28 839 709	30 658 768	-1 819 059	-5,9 %	27 000 400	23 921 816
KULTUR	9 855 570	10 263 955	-408 385	-4,0 %	10 470 000	15 173 065
KIRKEN OG RELIGIØS	5 832 915	5 707 100	125 815	2,2 %	5 844 400	5 735 816
BARNEHAGE	64 877 977	58 880 978	5 996 999	10,2 %	58 700 000	60 823 702
SKOLE	90 774 227	89 750 442	1 023 785	1,1 %	99 720 000	105 483 760
HELSE OG VELFERD	53 709 312	45 693 750	8 015 562	17,5 %	46 140 000	50 289 198
HELSE OG OMSORG	192 159 737	174 644 481	17 515 255	10,0 %	178 000 000	194 852 134
UTBYGGING	46 548 840	46 519 046	29 794	0,1 %	70 810 000	46 086 111
SUM	497 531 358	466 328 720	31 202 637	6,7 %	500 895 000	507 272 513

På området politisk styring og kontroll vart det 0,7 mill. i meirforbruk. Her var det meirutgifter på møtegodtgjersle på grunn av fleire møter, og at ein ikkje nådde målet om reduksjon i kostnad til revisjon.

Sentraladministrasjonen hadde eit mindreforbruk på 1,8 millionar. Av dette skuldast 0,8 millionar at ROR IKT sendte kreditnota etter avrekning for 2020. Kraftsalsinntektene vart justert ned med 7,4 millionar i budsjettjusteringa, noko som var 0,6 for mykje. I tillegg var det sparte kostnader ved å halde stillingar vakante.

Kultur: Vakanse og redusert innleige ved Kulturskulen, redusert aktivitet grunna Korona, samt koronastøtte gjorde at Kulturområdet klarte eit mindreforbruk til trass for reduserte inntekter.

Barnehage

Av 6 millionar i meirforbruk var 4,5 mill. meir kostnader til ikkje-kommunale barnehagar enn opphaveleg budsjett. Av dette var 1,4 millionar knytt til auka behov for styrkingstiltak etter vedtak. 3,2 millionar var for lite budsjettet ordinært driftstilskot. Det vart fleire barn enn i den opphavelege prognosene i dei private barnehagane. Dette ga 2 millionar i meirkostnad. I tillegg kom 450 000 i auka tilskot knytt til tapt foreldrebetaling grunna pandemien, og meir i fritak foreldrebetaling grunna moderasjonsordninga enn budsjett. Eit til dels høgt sjukefråvær ga mindre høve til å spare inn igjen dei auka kostnadene. Barnehage fekk også eit budsjett-kutt i justeringssaka.

Skule

Overforbruket skuldas i hovudsak styrking av enkeltklassar, eller elevbehov som vart endra i løpet av skuleåret med auke i ressursbehov. Ved revisjon av budsjettet i oktober låg skulesektoren an til eit underforbruk på ca. 3,2 millionar ved årsslutt. Dette vart nullstilt for skolane ved budsjettjusteringa,

gjennom at dei fekk ramma redusert med 3,2 millionar som var skule sin del av den planlagde budsjettredusjonen på 8 millionar. Skulesektoren må i løpet av 2021 redusere drift for å komme ned på tildelt budsjett i 2021. Vågstranda skule vart overført til Vestnes hausten 2020, og Rauma kjøpte tenester frå Vestnes for hausten. Vestnes vil tilsvarende kjøpe tenester frå Rauma for ungdomskuleelevar ved Måndalen skule i 2021.

Helse og velferd

Av 8 millionar i meirforbruk var 3,3 millionar knytt til legesenter/legevakt, 1,6 mill. på NAV kommunal, 0,9 mill. på flykting og 3,6 millionar på barnevern. Tenesteområdet hadde i 2020 ein omfattande prosess for å ta ned kostnader både pga. Overforbruk, men også pga. grensejustering og med det redusert ramme. Kommunestyret vedtok alle forslag 01.10.20 og helårsverknad av desse i budsjettmøtet for 2021. De fleste tiltaka er sett i verk, mens dei gjenståande blir det det enda arbeidd med.

Folkehelse, Friskliv og mestring, Helsestasjon og Psykisk helse og mestring hadde dermed eit mindreforbruk i 2020, noko som gjorde at det samla meirforbruket for tenesteområdet ikkje vart større.

Legesenteret har hatt stort trykk som følge av Covid-19. Av den grunn har vi delt legekontoret i to fysiske lokasjoner for å unngå at evt. smitte skulle gjøre at vi sto med stengt kontor. Dette innebar også dobbel ø-hjelpsberedskap på dagtid. Inntektssvikt og ekstrakostnader kom på om lag 2 millionar kroner. Meirforbruket her bør dermed sjåast i samanheng med dei 2 millionane i ekstra rammetilskot knytt til TISK (testing, isolasjon, smittesporing og karantene) som kom i november, og dermed vart inntektsført på et fellesområde og ikkje på Helse og velferd som hadde kostnadene.

Grunna utsett oppstart av interkommunal legevakt hadde vi ca. 50 000,- ekstra per mnd. i utgifter ut over budsjett. Den interkommunale legevakta starta 01.09. Vakanse på en fastlegeheimel og vikar fra vikarbyrå ga auka utgifter på om lag 600 000,-.

Vi er avhengig av nasjonale tiltak og positiv utvikling av pandemien for å redusere ekstrakostnader på legetenesta i 2021. Interkommunal legevakt har starta opp og fungerer bra. Dette er også et tiltak for å gjøre det attraktivt å vere fastlege i Rauma og dermed færre utgifter til vikarar.

NAV kommunal hadde 1,5 mill. i meirforbruk. Av overforbruket er truleg 1,3 mill., eit resultat av pandemien. Det er usikkert kor mange ekstratiltak som blir naudsynt i 2021 og kor mykje kommunen blir kompensert frå sentrale styresmakter. NAV Rauma har fått prosjektmidlar for å redusere negative konsekvensar av korona.

Flykting hadde eit meirforbruk i forhold til budsjett på 0,9 mill. Rauma kommune skulle ha tatt imot 10 flyktninger men fekk ikkje busett flyktningar i 2020 på grunn av at brannen i Teglverket førte til ein mangel på tilgjengelege bustader. Dette ga reduserte inntekter på ca. 2 mill. Brannen i Teglverket har også medført ekstrakostnader på ca. 200 000,-. Usikkerheit rundt busetting av

flyktningar medførte at det som tiltak vart foreslått stopp i busetting av fleire flyktningar. Flyktningetenesta vil etter kvart bli avvikla, men flyktningane vil nok likevel være ei gruppe som treng oppfølging.

I tillegg vart det i 2020 nye utfordringar innan barnevern, noko som bidrog til 3,6 mill. i meirforbruk for dette området. Det har vore nye plasseringar og store ekstra utgifter på fosterheim. Det var også store kostnader på spesialiserte tiltak og juridisk bistand. I 2021 blir midlar omdisponert og bemanning styrka lokalt som et prosjekt for å redusere behovet for kjøp av kostbare eksterne tiltak. Dette er eit tiltak for å få ned overforbruk. Det skal også arbeidast systematisk med å førebu den nye barnevernsreforma, der det er eit mål at kommunen i større grad skal løyse saker før dei ender opp hos barnevernet.

Helse og omsorg

Aktivisering og mestring sto for 58%, eller 10 millioner av meirforbruket i Helse og omsorg. Av dette var 1,5 mill. knytt til psykisk helse, mens resten var i bu- og habiliteringstenesta. Brukarane som mottek tenester fra Bu- og habiliterings-tjenesta har som regel eit stort og langvarig bistandsbehov, og dette krev omfattande personalressursar. Bu- og habiliteringstenesta har opplevd ei kraftig auke i brukarar sidan 2018. På 2,5 år har dei fått 9 fleire brukarar. Det er ein auke på 45%.

1. jan. 2018	1. juli 2018	1. jan. 2019	1. juli 2019	1. jan. 2020	1. juli 2020
20	22	28	27	29	29

I tillegg til nye brukarar har nokre av dei eksisterande brukarane hatt funksjonsfall, noko som krev vesentleg meir ressursar. Nettokostnaden har auka med 14 millionar kroner i frå 2018, eller 54%. Bruttokostnadene har auka med 19 millionar, i frå 37 millionar til 55 millionar kroner per år. Rammetilskotet knytt til PU over 16 år har auka med 3 millionar kroner sidan 2018, slik at kommunens eigenandel i perioden er 11 millionar pr. år. Budsjettet for denne tenesta vart styrka med netto 6 millionar i frå 2018 og brutto 10 millionar, men det nemnde funksjonsfallet ga ein sterkare kostnadsvekst enn venta. Det vart vurdert som fagleg og økonomisk best å kjøpe inn tenester for i komme deler av det auka behovet i møte. Som tiltak er det gjort endringar i grunnturusane, for at dei betre skulle passe med endringane i behova og redusere behov for innleige og ekstra hjelp framover.

Innafor heimebasert omsorg vart det eit meirforbruk på 2,7 millionar, noko som utgjer 16% av meirforbruket på tenesteområdet. Etter ein sterk vekst i frå 2017 til 2019, har kostnadsveksten flata ut i 2020, og drifta ligg no på om lag same nivå som i 2019 (1,3% auke). Dette sjølv om det no også blir drifta 7 ekstra bukollektivplassar i Snarvegen 5. Med det driftar heimetenesten no 17 plassar i Snarveien i tillegg til bufellesskap/bukollektiv i Måndalen omsorgssenter. Blant premissane i budsjett for 2020 var ein samla reduksjon i kostnadsnivået i heimebasert omsorg, gjennom effektivisering ved auka bruk av velferdsteknologi og nye turnusar. Det er jobba godt med tiltaka, og bruken av medisindispensarar har auka, men digitale tilsyn er ikkje på plass enda. Å redusere kostnadsnivået i

sum vart likevel vanskeleg i eit år med pandemi, auke med 7 heildøgns plassar, og planlegging av ny organisering etter grensejustering.

Institusjonsbasert omsorg hadde 1,1 mill. i meirforbruk (7% av HO-tenesta sitt meirforbruk). Dei har redusert kostnadsnivået med ca. 5,5 millionar i forhold til 2019. Reduksjonen av talet på plassar, mindre sjukefråver og mindre vikarinnleige er blant årsakene. Årsaka til at dei ikkje klarte å halde budsjettet er at det vart vanskeleg i pandemi-året å ta ned alle dei 15 plassane som vart vedtatt å stille i bero. Ved årsskiftet 2020/2021 var status:

- 7 kortidsplassar er stilt i bero sidan 2019
- 9 langtidsplassar var stilt i bero i løpet av 2020 (av vedtak om 15 færre i 2020).
- 14 langtidsplassar må fristillast i løpet av 2021 for å nå målet om 60 plassar på Helsehuset.
Pr. mars er 4 av disse no fristilt.

Koordinerande avdeling hadde eit meirforbruk på 0,9 millionar, som i hovudsak skuldas dagbøter frå Helseforetaket knytt til utskrivingsklare pasientar. Det oppstår når vi ikkje har ledige plassar eller kan tilby anna forsvarleg tilbod.

Helse og omsorg sin del av det ekstra budsjettkuttet i 2020, grunna bortfall av utbytte Rauma energi, var på 2,9 millionar og kuttet vart plassert på felles Helse og omsorg. Der lukkast ein ikkje med å redusere kostnadene tilsvarande, så det vart eit meirforbruk på 2,7 millionar.

	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)
Hjemmebasert omsorg	67 125	64 377	2 747
Aktivisering og mestring	48 637	38 531	10 108
institusjonsbasert omsorg	62 356	61 204	1 152
Koordinerende avdeling m/fysio	9 545	8 696	849
Felles	4 498	1 838	2 660
SUM	192 161	174 646	17 516

Utbygging

I sum var det ikkje noko vesentleg avvik i frå budsjett og premissar i Utbygging i 2020, med unntak av investeringar som er omtalt i eige avsnitt.

Investeringar og avvik mot budsjett

I 2020 vart investeringane i varige driftsmidlar 57 millionar mot 67 i 2019 og 148 i 2018.

Investeringstakta er dermed lågare. Heile 16 millionar, eller 27% er innan sjølvkostområda. Desse investeringane var fordelt på tenesteområda slik:

	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Regnskap
SENTRAL ADMINISTRASJON	2 020	2 020	-	2 019
KULTUR	4 539	6 095	-1 556	5 749
SKOLE	2 512	26 745	-24 233	1 463
HELSE OG OMSORG	536	1 200	-664	606
UTBYGGING	1 722	2 800	-1 078	2 334
TOTALT	47 305	89 526	-42 221	56 018
	56 615	126 366	-69 751	66 169

Mindreforbruket på 70 millionar er knytt til prosjekt som vart utsett. Det største avviket er på Utbygging, der 12 millionar gjeld næringsområda, derav 10 millionar på utvikling av området ved Nesstranda som må ferdigstillast i 2021. Det vart også 11 millionar i mindreforbruk på Formålsbygg der 7 millionar skuldast at ombygginga i snarvegen 5 er lagt på is, og 7,5 millionar at kostnadene ved Måndalen barnehage vil i større grad falle på 2021. Måndalen barne og ungdomsskule har derimot et meirforbruk på 6 millionar som skuldast ei framskynding av prosjektet. Her vart det oppstart før berekna, og samarbeide med dei private bidragsytarane går godt. Her er det på plass ein avtale om eit tilskot slik at kommunens del av investeringa avgrensast til 41 millionar og at kommunen får eit driftstilskot på 1,1 millionar det første året og 2,6 millionar det andre året. Det er også 5 millionar i mindreforbruk på vei, derav 5 skuldast forskyvingar. Det vart 9 millionar mindre på gartner-området, der 5 millionar skuldast forskyving av kunstgrasbana i Isefjorden, mens resten er reelt bortfall av kostnad, mellom anna Vågstranda kunstgrasbane der ansvaret no ligg til Vestnes kommune. Til sist er eit par millionar forskyving av prosjekt innafor sjølvkostområda.

Dernest er det eit avvik på 24 millionar på kulturområdet, som gjaldt plan for tiltak på Romsdalseggen, og toppen av Nesaksla som vart utsett. Dette er prosjekt som ikkje belastar kommunen, da dei er fullt ut finansiert med tilskot og refusjon av merverdiavgift.

Den største avvik på investeringar i aksjar er 26,6 millionar i Teglverkvegen AS, som var ei omgjering av utlån til tilførsel av eigenkapital. Her skulle nok budsjettet vore regulert, da dette er knytt til KS vedtak 109/20.

Gjeld og kommentarar til den finansielle situasjonen

- Rauma kommune har all ledig likviditet plassert i bank, og ein god bankavtale med Sparebank1SMN.
- Alle transaksjonar i perioden var innanfor dei rammer som er sett i kommunen sitt finansreglement.
- Det var ei auke i gjelda på 29,55 millionar kroner i 2020
- Langsiktig gjeld (ex pensjonsforpliktsar) i prosent av brutto driftsinntekter auka frå 120,2% i 2019 til 127,3% i 2020, noko som er over snittet i landet utanom Oslo (124,4%).
- Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter auka frå 66,9% i 2019 til 80,8% i 2020.
- Risikoен ved høg gjeld er knytt til reduksjonar i inntekter eller auke i rentenivået, og refinansiering. Folketalet går ned grunna grensejusteringa. Dette gjer gjeldsbyrda tyngre å bere, då inntektene går ned. Med stort underskot på drifta i 2020, må vi redusere gjelda og dermed investeringsnivået. Korrigert netto gjeld er lågare:

Gjeld 31.12.2020	849 323 930
Ubrukte lånemidler	-46 427 875
Vidareutlån KLP	-39 381 669
Rentekompensasjonsordningar	-32 844 678
Sjølvkostområda	-115 939 940
Rauma kulturhus og konf.senter AS	11 863 080
Utlån Rauma Energi	-60 000 000
Korrigert netto gjeld	566 592 848

- Refinansieringsrisikoen er lågare enn i 2019. Gjennomsnittleg kredittbinding på kommunen si gjeldsportefølje er no 3,36 år mot 2,49 år ved utgangen av 2019. Den delen av gjelda som kjem til forfall innan eitt år var 58,42% ved utgangen av 2020.
- Vi har 24% av gjelda i verdipapirmarknaden, til saman 204 millionar kroner fordelt på 2 lån, ved utgangen av 2020. Av desse har eit lån på 104 millionar forfall i 2021.
- Gjennomsnittsrenta har falt gjennom året til 1,38% 31.12.2020, sjølv om rentebindingstida har auka. Dette skuldas lågare rentenivå i 2020 etter Covid 19. Rentekostnadene i 2020 vart på 14,2 millionar, noko som er 4 millionar lågare enn i 2019, sjølv om kommunen har høgare gjeld.
- 496 millionar, eller 58,4% av gjelda er i flytande rente ved utgangen av året, medan 41,6% har rentebinding over eitt år. Dette er om lag uendra nivå på rentesikring frå 2019.

Nøkkeltall	31.12.2020	01.01.2020	Forklaring
Total lånegjeld	849 323 930	819 772 435	Viser samlet lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer alle lån som er gjengitt i stamdataoversikten.
